

# Informasjon om coronavirus, opplysningstelefon og influensamottak i Stranda kommune

Har du dei siste 14 dagar fått luftveisinfeksjon etter opphold i Hubei-provinsen/Wuhan by i Kina eller hatt nærkontakt dei siste 14 dagar med personar som har fått påvist det nye coronaviruset (2019-nCoV)?

**Symptom:** Teikn på luftveisinfeksjon kan vere feber, hoste, brystmerter, pustevanskar.

**Ring først!** Ring i så fall Stranda Legekontor tlf. 70268120 (0830-1500) eller legevakttelefon 116 117 (døgnbemanna), og forklar at du kan vere smitta. Sentralbordet ved Stranda Legekontor er opplysningstelefon og vil bli styrka med fleire telefonlinjer og meire personell ved behov.

**Unngå å møte direkte opp** på venterommet ved legekontoret.

**Eige influensamottak** Legekontoret har lagt planar for på kort varsel å opprette eit eige influensamottak, med annan inngang og venterom enn det vanlege.

**Følg desse råda for å førebygge smitte.**

**Vidare oppfølging:** Lege vil avtale tid til undersøking på influensamottaket eller heimebesøk og – om naudsynt – direkte innlegging på næraste sjukehus i Ålesund. Prøver ved coronavirus kan også sendast til Molde sjukehus. Lege vil forklare korleis du vil kome deg til legekontor eller sjukehus. Du skal ikkje ta offentleg transport.

**Ved ukoplisert sjukdomsbilde vil dei fleste sjuke bli observert og behandla i eigen heim på same måte som ved vanleg sesonginfluensa**

Stranda kommune følgjer råd og retningsliner fra Folkehelseinstituttet ([www.fhi.no](http://www.fhi.no)) Informasjonen vil bli oppdatert regelmessig ved endringar.

Les også oppdatert informasjon på nett ved å klikke deg inn på linken:

<https://helsenorge.no/sykdom/infeksjon-og-betennelse/coronavirus>

Arne Gotteberg - kommuneoverlege